

## Årsmelding Gol ungdomsskuleskule (Kultur og levekår)

### Læringsmiljø

God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.

Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleva meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.

God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

### Kompetanseheving og fagmiljø

Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.

Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.

Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

## Regnskap:

- Det var eit meirforbruk på førre årets budsjett på 245 000 000 kroner.
- Lønnspostane viser eit mindreforbruk på 607 000 kroner. Dette må sjåast opp mot eit meir forbruk på samla driftsutgifter på 1 235 000.
- Samla driftsinntekter er på 438 000.
- Meirforbruk på kjøp av varer og tenester skuldast m.a eit meirforbruk (hovudart 13500) på 455 000 kroner på kjøp frå andre kommunar. Dette gjeld kjøp av tenester til elevar med spesielle behov, heimehøyrande i Gol kommune, som er fosterheimsplassert i andre kommunar.
- Likeins er det eit meirforbruk på hovudart 12700 «kjøp av andre tenester» på 251 000. Desse tenestene er kjøp av logopedteneste og «Grøn omsorg»
- Det er eit overforbruk på hovudart 12002 på 181 000 «It-utstyr» Overforbruket her skuldast hovudsakleg kjøp av datamaskiner til elevbruk. Skulen har investert i 2 smartboardtavler.
- Resten er overforbruk på anna innkjøp.

## Mål og måloppnåing 2012:

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik:
Læringsresultat Læringsstrategiar Læringsmiljø	Tilstandsrapporten for 2012 vil rapportere på desse områda		
Ny skule for 1.-10. trinn	Arbeidet med planlegging er vidareført i 2012.		Arbeid med reguleringsplan har tatt lenger tid enn forutsett.
Skulen skal vera mobbefri og medverke til utvikling av sosial kompetanse.	Skulen har utarbeidd e i 2010 ein handlingsplan mot mobbing .  MOT – arbeid. Det blir jobba systematisk med haldningsskapande arbeid gjennom MOT.		Skulen er ikkje mobbefri, men tiltaka fungerer etter intensjonen.
Utvikling av kvalitetsportalen for kvalitetssikring av felles rutiner	Portalen er klar til gjennomgang og bruk i løpet av mars/april 2013		
«Ny GIV – overgangsprosjekt»	Elevar på 10 trinn , med låg gjennomsnittskarakter – får eit fagleg løft i norsk og matte for å kunne vera betre rusta til gjennomføring av vidaregåande opplæring		
Innføring av valfag på 8.trinn	8.trinn har fått utvida skuleveka med 30 min. Det er innført valfag		

## Mål og tiltak 2013:

### Personell

- Redusere sjukefråværet  
Tiltak:
  - Fokus på eit godt arbeidsmiljø og tett dialog med dei sjukemeldte.
  - Sjå på midlertidige tiltak og løysingar for å betre inn klima.
  - Tilpassingar av arbeidsoppgåver for tilsette som treng det i kortare eller lengre periodar
- Utarbeide gode rutinar på å ta i mot nyttilsette ved skulen
- Skape eit gode fagmiljø og slik gjere det attraktivt å jobbe ved å jobba ved Gol ungdomsskule

## Satsingsområde

- Vurdering for læring
- Matematikk

## Organisasjon

- Jobbe for å få god struktur på overgangar til vidaregåande skule ved mellom anna faget utdanningsval.
- Ha eit godt samarbeid med barneskulane i overgangen til ungdomsskulen

## Kompetanse

- Rekruttere lærarar med god fagkompetanse. Tilsette skal ha formell kompetanse i fag dei underviser i. Lærarar som underviser i faga matematikk, engelsk og norsk bør ha minimum årseining faget
- Tilby støtte til vidareutdanning i personalet
- Tilby støtte til kurs og etterutdanning

Mål: 1 lærar årleg bør ta vidareutdanning

## Teneste/aktivitet

- Sjå Tilstandsrapporten 2012

## Utfordringar 2013:

- Rekruttere tilsette med tilstrekkeleg fagkompetanse
- Auka elevtal gjer at skulen vil mangle klasserom og grupperom
- Vurdering og tilpassa undervisning,